

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Aurland kommune</b>
<b>Møtedato</b>	<b>09.02.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 17:30</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Noralv Distad H**

**Arnstein Menes Sp (forfall under handsaming av sak 8/16)**

**Gunn Sande Sp**

**Helen Hjertaas Ap**

**Harald Bjarte Reite Ap**

**Stein Malkenes MDG**

**Forfall til møtet:**

**Sigurd Reksnes Sp**

**Bjørn Hollevvik H**

**Gunnhild Berge Stang V**

**Varamedlemer til stades:**

**Oddmund Klakegg Sp**

**Ole Gunnar Krakhellen H**

**Marianne Øren V (forfall under handsaming av sak (8/16))**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Velaug Veum**

**Sekretariat for møtet:**

**Oddveig Hove**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 24.11.15 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**

**Orientering om Aurland kommune og utfordringar innan samferdsla v/Noralv Distad (presentasjon sendt hovudutvalet)**

**Fv 4 v/Dina Lefdal (presentasjon sendt hovudutvalet)**

**Kollektiv: v/Øystein Hunvik (presentasjonane sendt hovudutvalet)**

Administrative ruteendringar

Diverse informasjon om kollektiv



## **SAK 1/16 Klage rutetilbudet Alden**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:**

1 Rutetilbudet mellom Alden og Værlandet frå 20. juni 2016 er i samsvar med det fylkeskommunale minstetilbudet med båt. Klagen vert difor ikkje teken til følge.

**Endringsframlegg:**

**Hovudutvalet sette fram slikt framlegg:**

Saka vert utsett til det er gjennomført dialogmøte med Askvoll kommune.

**Avrøysting:**

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett til det er gjennomført dialogmøte med Askvoll kommune.

-----

## **SAK 2/16      Søknad frå Fjord2 om fleire avgangar Flåm - Gudvangen**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval frå samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med to frå både Kaupanger og Gudvangen i perioden 1. juli til 20. august.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

### **Endringsframlegg:**

**Stein Malkenes MDG sette fram slikt framlegg:**

Hovudutval for samferdsle utset søknad frå Fjord2. Selskapet legg fram utsleppstal for seglingane sine før hovudutvalet kan ta stilling til søknaden.

Fylkesdirektøren sette fram slikt framlegg til tillegg i punkt 1:  
..... fram til 1.10.2024.

### **Avrøysting:**

Utsetjingsframlegget frå MDG fekk ei røyst og fall.

Framlegget frå fylkesdirektøren med tillegg fekk 7 røyster og vart vedteke.  
MDG og Venstre røysta mot.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval frå samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med to frå både Kaupanger og Gudvangen i perioden 1. juli til 20. august fram til 1.10.2024.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

---

## **SAK 3/16      Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen frå Norwegian Fjord Voyage**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Norwegian Fjord Voyage får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.04 til 30.10.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.04 – 30.10.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.

- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

**Endringsframlegg:**

**Stein Malkenes MDG sette fram slikt framlegg:**

Hovudutval for samferdsle ønsker å ta omsyn til ønsket frå Verdsarvrådet av 04.12.15 om reduksjon av utslepp i verdsarvområdet og utset søknad frå Norwegian Fjord Voyage i sak 3/16. Selskapet legg fram utsleppstal for seglingane sine før Hovudutval for samferdsle kan ta stilling til søknaden. Administrasjonen påleggast å legge inn utsleppsinformasjon i denne og liknande saker.

**Avrøysting:**

Utsetjingsframlegget frå MDG fekk 1 røyst og fall.  
Framlegget frå fylkesdirektøren fekk 8 røyster og vart vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Norwegian Fjord Voyage får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.04 til 30.10.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.04 – 30.10.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

**SAK 4/16 Mindre utbetringstiltak 2016**

**VEDTAK:**

1. Midlar til mindre utbetringstiltak i 2016 vert fordelte slik (tal i mill. kr):

- a. Oppstart av prosjekt
  - Fv. 53 Brøytetasjon Holsbru 1,0
  - Fv. 92 Vamråktunnelen 1,8
  - Fv. 662 Nordfjordeid – Torheim,  
(Hundeidebrua) 1,6
- b. Prosjektering
  - Fv. 121 Vange bru –  
Seljestokken 0,2
  - Fv. 724 Fossvega 0,2
  - Fv. 614 X fv. 577 Myklebust 0,2

**SAK 5/16 Midtvegen 615 AS - søknad om eingongstilskot**

**VEDTAK:**

1 Det vert ikkje løyvd eingongstilskott til Midtvegen 615 AS.

-----

**SAK 6/16 Mindre skredsikringstiltak 2016**

**VEDTAK:**

1. Midlar til mindre skredsikringstiltak vert fordelte slik:
- Fv. 633 Kleiva 2 mill. kr
  - Fv. 615 Reddasvora 3 mill. kr
- 

**SAK 7/16 Fylkesbudsjett 2016 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg**

**VEDTAK:**

1. Planleggingsmidlar for 2016 vert fordelte slik (1000 kr):
- |                                       |      |
|---------------------------------------|------|
| Kystvegen - utgreiing                 | 470  |
| Fv. 601 Måløy - Vågsvåg               | -124 |
| Fv. 53 Holsbru                        | -250 |
| Fv. 61 Naveosen - Sollibakke          | 500  |
| Fv. 607 Heggebø – Leirvik             | 100  |
| Fv. 609 Halbrendsøyra                 | -277 |
| Fv. 60 Hildestranda – Innvik          | 250  |
| Fv. 608 Kryss Straumsnesbrua          | -251 |
| Planlegging fv. diverse mindre tiltak | 308  |
| Fv. 633 Kleiva                        | -256 |
| Fv. 722 Flovegen                      | 300  |
| Fv. 53 Ljoteli                        | 280  |
| Fv.609 Heilevang                      | 150  |
| Fv 616 Davikstranda                   | 300  |
- 

**SAK 8/16 Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle**

- 1: Førebels svar på spørsmål om ferjeavløysingsordninga - Atløysambandet
- 2: Ferjeavløysing - avklaring
- 3: Kystvegen som riksveg.
- 4: Svar - Røneidstunnelen - forskotering kvitmåling
- 5: Samferdselsdepartementets trafiksikkerhetspris - Årets trafiksikkerhetskommune 2016
- 6: Orientering om KVU rv. 15 Strynefjellet
- 7: Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2029, oppstart
- 8 a:) Høyring - innføring av flypassasjeravgift - regionale konsekvenser
- 8 b): Høyringsbrev
- 8 c): Høyringsnotat
- 8 d): Høring om forskrift om innføring av flyskatt - regionale konsekvenser
- 9: Strengare miljøkrav til ferjekonsesjonar på verdsarvfjordane
- 10: Saksprotokoll FU Hordaland fk
- 11: Saksprotokoll FU Møre og Romsdal
- 12: Fv 4 Gulen – kostnadsvurdering *ikkje offentleg, Off § 15*
- 13: Ny veg Skipavika

Vedtak:

Det skal gjennomførast møte med Gulen kommune og leggjast fram sak for hovudutvalet etter møte er gjennomført.

- 14 a: Midtvegen 615
- 14 b: Brosjyre Midtvegen 615
- 14 c: Kommentar til HS-sak 5/16
- 15: Uttale vedk. planleggingsmidlar Måløy – Vågsvåg
- 16: Rutetilbod til Alden i Askvoll kommune
- 17: Fv 60 – Gangveg Ytre – Indre Skarstein i Olden. Oppmoding om ny vurdering
- 18: Orientering om ferjekai på Skorpa

-----